

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda  
Lokallag i Norges Naturvernforbundet  
Lindevegen 8  
6103 Volda.

Volda, 16.10. 2017

NVE  
Konsesjonsavdelingen  
Oslo.

**Fråsegn knytt til Tussa AS sin søknad om opprustning og utviding av Vartdal kraftverk.**

Naturvernforbundet ser positivt på at eldre kraftverk vert opprusta slik at meir kraft vert produsert der vassdrag alt er regulert og naturen belasta med inngrep. Særleg er dette positivt om energigevinsten kjem i staden for,- og ikkje i tillegg til nye reguleringar.

I starten av synfaringa 3.10. kom det fram ulike syn på fleire rettslege tilhøve mellom grunneigarar, vassverk og kraftlag. For oss var dette forvirrande, og vi reknar med at NVE vil stille krav om Vartdal Vassverk, Ørsta kommune, Tussa AS og grunneigarane er samde om tolkinga av gamle avtalar før nye konsesjonar vert vurdert.

Av omsyn til natur og miljø, vil vi at desse tre vilkåra må setjast til ein ny konsesjon:

1. Minstevassføringa må setjast til minst 22 liter / sek. om sommaren og 5liter /sek. Som foreslått og grunngjeve av Bioreg.
2. Det må ikkje byggast veg fram til inntaket. Om det vert etablert ei taubane i anleggsperioden må fundamenteringa av denne gjerast utan at det vert sett nye varige spor i det eksponerte svaberg-terrenget.
3. Svartevatna må ikkje på nokon måte gå inn i konsesjonen. Her veg omsyn til beitenæringa, landskap, friluftsliv og artsmangfaldet tyngst. Behovet for meir vatn til vassverket i ekstremt tørre periodar må vassverket ordne på ein annan måte enn ved plastrøra og pumpa som ligg der i dag. Dei må fjernast. Er dette eit omsøkt og godkjend permanent tiltak?

Med helsing frå Naturvernforbundet i Ørsta og Volda,  
Knut Festø,  
Leiar.

